



Dykkar dato:

Dykkar ref:

KOMMUNAL- OG
DISTRIKTSDEPARTEMENTET
Postboks 8112 DEP
0032 OSLO


Saksbehandlar, innvalstelefon
Frida Farstad Brevik, 71 25 84 51

Oversending av søknad om utgreiing av grensejustering mellom kommunane Aukra og Molde

Statsforvaltaren sendar over søknad om utgreiing av grensejustering frå Molde kommune til Aukra kommune.

Det er Statsforvaltaren si tilråding til departementet at søknad om utgreiing av grensejustering av Midsund frå Molde kommune til Aukra kommune blir avslått.

Grensejusteringa omfattar øyene Otrøya, Midøya, Dryna, Magerøya og Tautra i Molde kommune¹. Det er i dag 2015 innbyggjarar busett på desse øyene. Molde kommune har per i dag 32 816 innbyggjarar, mens Aukra kommune har 3678 innbyggjarar².



Kart 1 – oversikt, sjå vedlegg 7

¹ Nye Molde kommune blei slått saman av dei tidlegare kommunane Molde, Nesset og Midsund, med verknad frå 1.1.2020.


² Tall henta frå Statistisk sentralbyrå februar 2024



Saksgong

Statsforvaltaren fekk den 24. november 2023 ein søknad om utgreiing av grensejustering frå Harald Elias W. Akselwoll, sjå vedlegg 1. Søkar ber om at ei grensejustering frå Molde kommune til Aukra kommune for det som tidlegare utgjorde Midsund kommune blir utgreidd.

Statsforvaltaren har etter dette fått fleire søknadar om utgreiing av grensejustering for same område. Søknadene er utforma i to forskjellige versjonar, sjå vedlegg 2. Totalt har det kome inn 50 underskreve søknadar, sjå vedlegg 3.



Kart 2 - foreslått kommunegrense, sjå vedlegg 8

Vi orienterte kommunane om søknadane den 7. desember 2023, og bad om ein uttale til saka innan 23. februar 2024, sjå vedlegg 4.

Aukra kommunestyre behandla saka i møte den 1. februar 2024 (sak PS-5/24) og fatta samråystes følgjande vedtak (sjå vedlegg 5):

- «1. Aukra kommunestyre er positive til at initiativet om grensejustering av det arealet som tidlegare var Midsund kommune blir ein del av Aukra kommune.
- 2. Aukra kommunestyre ser positive på ei utgreiing om grensejustering når samferdselsløysing mellom Gossen og Otrøya er på plass.»

Molde kommunestyre behandla saka i møte den 15. februar 2024 (sak PS-7/24) og fatta følgjande vedtak med 30 mot 19 røyster (sjå vedlegg 6):

«Molde kommunestyre støtter ikke at det blir gjennomført en utredning av grensejustering mellom Molde og Aukra slik som det er foreslått i søknaden.»



Søknaden

Initiativrett etter inndelingslova

Søknaden gjeld dei øyene som tidlegare utgjorde Midsund kommune, som med verknad frå 1.1.2020 blei samanslått med kommunane Molde og Nesset. Grenseendringa må vurderast ut ifrå grensene for nye Molde kommune, og ikkje det som var status før samanslåinga. Det er vår vurdering at grenseendringa som det er søkt om utgreiing av, er å sjå som ei grensejustering etter definisjonane i inndelingslova § 3.

Det følgjer av inndelingslova § 8 at ein innbyggjar og grunneigar i dei kommunane søkeren gjeld, eller næringsdrivande som har registrert forretningsstad der, kan søke om at det settast i gong ei utgreiing av grensejustering av eit område. Søkarane er innbyggjarar i Midsund, og har derfor initiativrett etter inndelingslova § 8.

Grunngjeving for søkeren

Det blir i søkeren vist til følgjande forhold:

- Aukra og Midsund har som øysamfunn ein felles bakgrunn, kultur og næringsstruktur
- Det er låg valdeltaking og lite deltaking på vallister i Midsund
- Det er nedgang i folketal, arbeidsplassar, byggeaktivitet og nyetableringar i Midsund dei seinaste åra
- Det er krevjande å vere utkant i Molde kommune
- I vår digitale tidsalder er mogleg å administrere Midsund og Aukra utan at Møreaksen og Kjerringsundsamband er realisert

Statsforvaltarens vurdering

Rettsleg utgangspunkt

Inndelingslova er ei prosess- og gjennomføringslov som seier noko om kva reglar som gjeld ved gjennomføringa av ei grenseendring. Føremålsparagrafen til inndelingslova slår fast at lova skal legge til rette for ei kommune- og fylkesinndeling som kan sikre eit funksjonsdyktig lokalt folkestyre og ei effektiv lokalforvaltning innanfor rammene av det nasjonale fellesskapet. Føremålsparagrafen har i seg sjølv ikkje nokon sjølvstendig betydning, men den vil tene som ei retningslinje ved tolking og bruk av rettsreglane i lova, då den seier noko om kva sentrale omsyn som ligg bak rettsreglane.

Det er Kommunal- og distriktsdepartementet som avgjer om det skal settast i gong ei utgreiing av grensejustering. I tidlegare grensejusteringssaker har departementet gitt uttrykk for at ei grensejustering først og fremst skal vere eit verktøy for å kunne tilpasse kommunegrensene til eksisterande handelsmønster og tenestebruk, for slik å legge til rette for ei meir tenleg ramme for folk sine dagleliv både i det praktiske og i eit demokratisk perspektiv.

Departementet har vidare lagt til grunn at det som eit utgangspunkt bør vere knytt utfordringar til dagens kommunegrense, som ei grensejustering kan tenkast å løyse, dersom departementet skal sette i gong ei utgreiing av grensejustering.

Med bakgrunn i dei forholda som det er vist til ovanfor vil det i vår vurdering av søkeren vere naturleg å sjå nærmare på følgjande forhold:

- handelsmønster og tenestebruk
- infrastruktur, kommunikasjonsforhold, reiseveg/reisetid til kommunesenter
- korleis det aktuelle området nyttar kommunale tenester (kva type tenester og omfang)



I tillegg vil det vere relevant å ta omsyn kva dei involverte kommunane meiner og kor mange innbyggjarar som står bak initiativet.

Vurdering

Midsund utgjer den vestlegaste delen av Molde kommune, og er knytt til fastlandet gjennom ferjesambandet Solholmen - Mordalsvågen. Aukra kommune ligg nord for Midsund, og er knytt til fastlandet gjennom ferjesambandet Aukra - Hollingen. Det er ikkje ferjesamband eller vegforbindelse mellom Aukra og Midsund.

Reguleringsplan for Kjerringsundsambandet blei vedtatt i 2019 av tidlegare Midsund kommune og Aukra kommune. Planen legg opp til ein vegforbindelse mellom Otrøya og Gossen, som ei erstatning for dagens ferjesamband Aukra – Hollingsholm. Det er per no ikkje avklart når Kjerringsundsambandet vil bli realisert.

Reisetid frå Midsund til Aukra kommunehus er oppgitt til 1 time og 14 min (inkl. to ferjeturer) og 36,7 km. Reisetid frå Midsund til Molde kommunehus er oppgitt til 54 min (inkl. ein ferjetur) og 30,9 km³.

Søkarane har som grunngjeving for sin søknad vist til at Midsund og Aukra som øysamfunn har ein felles kultur, bakgrunn og næringsstruktur. Vi har forståing for at innbyggjarane kan føle meir identitet og tilhørsle til Aukra som øykommune enn som ein del av ein større bykommune som Molde. Identitet og tilhørsle til ein anna kommune vil ikkje åleine vere tungtvegande nok til å sette i gong ei utgreiing av grensejustering.

Vi tar i vår vurdering også omsyn til kommunane sine høringsuttaler. I høringsuttalen frå Aukra kommune er det vist til at ein er positive til ei utgreiing av grensejustering når samferdselsløysing mellom Gossen og Otrøya er på plass. Som vist til ovanfor er det per i dag ikkje kjent når Kjerringsundsambandet vil bli realisert.

I høringsuttalen frå Molde kommune er det vist til at ein ikkje støttar ei utgreiing av grensejustering. Det er i saksutgreiinga vist til at Molde kommune bør fokusere på drift og omstilling av nye Molde kommune. Ei grensejusteringssak vil vere svært ressurskrevjande for kommunen, og ein kan heller ikkje sjå at det ligg føre tungtvegande grunnar for å gjennomføre ei utgreiing.

Det er vår vurdering at det ut ifrå geografi, dagens infrastruktur og kommunikasjonsforhold, ikkje kan seiast at Midsund utgjer ein meir naturleg del av Aukra kommune enn Molde kommune. Innbyggjarane i Midsund sin handel og bruk av private tenester skjer i all hovudsak i Midsund eller i Molde. Når det gjeld kommunalt tenestetilbodet for innbyggjarane i Midsund, blir dette dekt enten i Midsund eller i Molde. Aukra kommune utgjer såleis ikkje ein naturleg kvardagsregion for Midsund, og det er ikkje påvist konkrete utfordringar knytt til bruk av kommunalt tenestetilbod i Molde kommune som kan løysast betre i Aukra kommune. Desse forholda taler for at det ikkje er grunnlag for å starte opp ei utgreiing av grensejustering.

Vi legg også ein viss vekt på at det står eit mindre tal innbyggjarar bak søknaden, dei 50 søkerane utgjer om lag 2 % av alle innbyggjarane i Midsund.

³ Bruk av Google Maps verbeskrivelse



Vår tilråding til Kommunal- og distriktsdepartementet

Det er Statsforvaltaren si tilråding til departementet at søknad om utgreiing av grensejustering av Midsund frå Molde kommune til Aukra kommune blir avslått.

Vi sender med dette saka over til Kommunal- og distriktsdepartementet for endeleg avgjerd.

Søkarane er orientert ved kopi av dette brevet.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. statsforvaltar

Frida Farstad Brevik
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedleggsoversikt:

- Vedlegg 1 – søknad om grensejustering
- Vedlegg 2 – søknad om grensejustering
- Vedlegg 3 – oversikt over søknadar
- Vedlegg 4 – brev frå Statsforvaltaren
- Vedlegg 5 – vedtak frå Aukra kommune
- Vedlegg 6 – vedtak frå Molde kommune
- Vedlegg 7 – kart 1
- Vedlegg 8 – kart 2

Kopi til:

Aukra kommune
Molde kommune
Søkarar



AUKRA KOMMUNE	Kommunehuset Nyjordvegen 12	6480	AUKRA
MOLDE KOMMUNE	Rådhusplassen 1	6413	MOLDE
Harald Elias W Akselvoll	Innsidevegen 755	6475	Midsund
Susanne Drønnesund	Skjervavegen 102	6475	Midsund
Oddbjørn Drønnesund	Skjervavegen 102	6475	Midsund
Somying Ngokngam	Skjervavegen 102	6475	Midsund
Erna Drønnesund	Skjervavegen 100	6475	MIDSUND
Gunhild Svendsen	Innsidevegen 751	6475	MIDSUND
Marie Linnea Svendsen	Innsidevegen 751	6475	MIDSUND
Geir Eivind Raknes	Raknesvegen 97	6475	Midsund
Kine Høgset Raknes	Raknesvegen 97	6475	Midsund
Sigmund Akselvoll	Skulevegen 1	6475	MIDSUND
Unni Roos-Martinsen	Skulevegen 1	6475	MIDSUND
Ingunn Akselvoll	Skjervavegen 44	6475	MIDSUND
Lillian Blø Rakvåg	Vølvegen 93	6475	Midsund
Roger Torgersen	Utsidevegen 449	6475	MIDSUND
Karin Grethe Misund	Utsidevegen 184	6475	Midsund
Oddbjørn Misund	Utsidevegen 184	6475	Midsund
Knut Eivind Lervik	Nesoddvegen 10	6475	MIDSUND
Evy Oline Kirkel Lervik	Utsidevegen 371	6475	Midsund
Ann Kristin Flatset	Raknesvegen 83	6475	MIDSUND
Stig Roger Nekstad	Raknesvegen 83	6475	Midsund
Else Karin Høgset	Ramsvikvegen 15	6475	MIDSUND
Sissel Høgset Edvardsen	Vardnesvegen 120	6475	Midsund
Leif Otto Edvardsen	Vardnesvegen 120	6475	MIDSUND
Andre Vølen	Veltevegen 1	6475	MIDSUND
Elin Høgset Raknes	Raknesvegen 97	6475	MIDSUND
Ann Jeanette Bjørk	Utsidevegen 807	6475	MIDSUND
Amalie Høgset Raknes	Raknesvegen 97	6475	Midsund
Dag Sundet Jensen	Raknesvegen 100	6475	Midsund
Ina Kristin Berg	Utsidevegen 195	6475	MIDSUND
Tor Herman Bjørk	Utsidevegen 807	6475	MIDSUND
Ronny Svendsen	Innsidevegen 751	6475	MIDSUND
Tina Holm	Raknesvegen 153	6475	MIDSUND
Marit Gangstad	Selvikvegen 19	6475	MIDSUND
Asbjørn Gangstad	Selvikvegen 19	6475	MIDSUND
Jartrud Blø	Rambergvegen 13	6475	MIDSUND
Chiara Isola	Innsidevegen 413	6475	MIDSUND
Else Eikebø	Selvikvegen 39	6475	MIDSUND
Knut Magne Kirkeland	Utsidevegen 152	6475	Midsund
Frank Heinz Kuhlemann	Innsidevegen 742	6475	Midsund
Hildegard Dibbert	Innsidevegen 742	6475	Midsund
Agnes Kirkeland	Utsidevegen 472	6475	MIDSUND
Birger Kirkeland	Utsidevegen 472	6475	MIDSUND
Johanna Aurora Kirkeland	Raknesvegen 140	6475	Midsund



Thomas Knutsen
Stein Ove Tangen
Marianne Hjelen
Karl Øystein Bjørk

Raknesvegen 140
Vikingvegen 5
Vikingvegen 5
Vikingvegen 15

6475 MIDSUND
6475 Midsund
6475 MIDSUND
6475 Midsund